

Bjørn Steffen Thorsen  
LØYPETONA 37  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar: Ref.:22RNBZ- Skjemanr.:913  
Vår: 20/5146 - 22/28627

Saksbehandlar:  
Marte Hagen Eriksrud  
marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no

Dato:  
11.04.2022

## **Informasjon til deg som har kome med innspel til kommuneplan for Alver**

Viser til dykkar høyringsuttale til kommuneplanen sin samfunnsdel, datert 1.2.2022. Dykkar uttalte er eit konkret innspel på areal. Her følgjer informasjon om arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, som er den delen av kommuneplanen som omhandlar konkret arealbruk.

### **Tidpunkt for oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel**

Planstrategien for Alver kommune 2020-2023, vart vedteke av kommunestyret i Alver kommune 12. mars 2020, og revidert gjennom vedtak i kommunestyret 25. mars 2021. Den fastsett kva planar som skal utarbeidast i denne kommunestyreperioden. Kommuneplanen består av to delar, ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen har vore ute på høyring, med frist for å gje innspel den 15. februar 2022. Samfunnsdelen fastset mål og rammer for ønska samfunnsutvikling, og legg føringar for arbeidet med arealdelen. Ein legg opp til vedtak av samfunnsdelen i mai 2022. Planprogram og formelt varsel om planoppstart for kommuneplanen sin arealdel skal til politisk handsaming for høyring og offentleg ettersyn juni 2022.

Vi har ei eiga nettside knytt til arbeidet med arealdelen: [Alver kommune - Kommuneplanen sin arealdel](#). Denne sida skal oppdaterast fortløpende med informasjon om planarbeidet.

### **Tidpunkt for å gje innspel til kommuneplanen sin arealdel**

Alver kommmune, ved plan og analyse, ber om at alle innspel til kommuneplanen sin arealdel vert sendt inn i samband med innspelsperioden for planarbeidet. Årsaka er at ein

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

ønskjer at alle innspel vert sendt inn i samsvar med rammene for planarbeidet som vert fastsatt gjennom samfunnssdelen og planprogrammet til kommuneplanen sin arealdel.

Alver kommune vil kunngjøre når vi startar opp arbeidet med arealdelen, samt tidspunkt for innspelsperioden, via avisannonser, heimeside og sosiale media.

### Orientering om rettar for den som leverer innspel til kommuneplan

Eit innspel til kommuneplanen kan vere eit råd, ein ide eller eit ynskje frå innbyggjarane, og er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen. Den kunnskapen kommunen får gjennom innspela vert vurdert og vekta mot anna kunnskap og ulike omsyn.

Det er viktig å vere klar over at eit innspel til kommuneplan ikkje er ein søknad og ikkje ei enkeltvedtakssak etter forvaltningslova (fvl) § 2 b. Ved innsending av innspel til kommuneplanen er ein ikkje part i saka. Det betyr at kommunen kommuniserar på anna vis enn i vanleg sakshandsaming.

I kommuneplanprosessen gjeld:

- Kommunen har generell rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11.
- Du har innsynsrett i plansaka sine dokument i samsvar med offentleglova.
- Du må sjølv følgje saka på kommune si nettside.
- Kommunen gjer ikkje eit eiga vedtak som gjeld ditt innspel, og du har ikkje krav på grunngjeving ut over det som går fram av plandokumenta og sakspapira.
- Du har ikkje klagerett, korkje på korleis kommunen har vurdert ditt innspel, på kommunen sitt endelege vedtak om å godkjenne planen eller på sakshandsaminga, jf. plan- og bygningslova § 11-15.

Når kommunestyret har godkjent planen er saka avslutta og innspelet ditt ferdig handsama.

### Kva skjer med ditt noverande innspel?

- Ditt innspel, som er sendt inn før innspelsperioden, vil ikkje bli handsama i kommuneplanen sin arealdel
- For å få ditt innspel handsama, i samband med kommuneplanen sin arealdel, må du sende innspelet inn på nytt i løpet av den utlyste innspelsperioden.

Vi ser fram til å høyre frå deg igjen når innspelsperioden startar. Om det er spørsmål om saka, ta gjerne kontakt på e-post til [Marte.Hagen.Eriksrud@alver.kommune.no](mailto:Marte.Hagen.Eriksrud@alver.kommune.no).

Med helsing  
Alver kommune, Plan og analyse

Marte Hagen Eriksrud  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Mottakarar:**

Bjørn Steffen Thorsen

LØYPETONA 37      5918

FREKHAUG